

5.5 Skulekrinsar med behov for eigne utgreiingar kring trafikksikkerheit.

I fleire av skulekrinsane er utfordringane for trafikantane samansett. Kombinasjon av tett trafikk og kompliserte reguleringar gjer at særleg myke trafikantar kjenner seg utsigge. Det er rett nok kome mange gode innspel i samband med trafikksikringsplanen, men desse innspela dekker ofte ikkje alle problemstillingane, eller heile området i nær tilknytting til skulane/skulekrinsane.

Vi foreslår difor at det blir utarbeidd eigne utgreiingar kring trafikksikkerheit nær dei mest kompliserte/trafikkerte skulane. Ved å sjå på eit heilt område, vil det vera lettare å få ein samla oversikt over trafikksikringsutfordringane. Ein vil då betre kunna sjå samanhengen mellom tiltaka og også sikra meir einsarta tiltak. I tillegg til fagfolk frå kommune, Statens vegvesen, fylkeskommunen og politiet, skjer utarbeidinga i tett dialog med skulane. Slike utgreiingar har ein gode erfaringar med i Bergen kommune.

Innføring av «hjertesone» kan ende i ei slik utgreiing og vil kunne omfamne trafikksikkerheita i samband med bringe/hente situasjonen til ein del skular.

I ei slik utgreiing er det viktig at utgreiinga ikkje omfamnar ein heil skulekrins, det må setjast klare avgrensningar til nærområde kring dei skulane som vert omfatta.

Områda lista her vert og omtala som tiltak i kap. 5.7.1 Tiltak med ansvar, punkt Lindås kommune – andre tiltak.

Innspela lista opp i kap. 5.5.1 kjem frå innspel til kommunedelplan for trafikksikring og skal tas med, i tillegg til nye og tidlegare innspel, under arbeidet med å utgjere det aktuelt område.

Område

- ✓ **Leknes skulekrins**
- ✓ **Ostereidet skulekrins**
- ✓ **Lonsvegen**
- ✓ **Lindås skulekrins**
- ✓ **Alversund skulekrins**
- ✓ **Knarvik skulekrins**